



Statens vegvesen

Likelydande brev – sjå vedlagde liste

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Unn Jenny Utne Kvam /
55516243

Vår referanse:
16/30232-1

Dykkar referanse:

Vår dato:
07.03.2016

Førehandsvarsel om mogleg vedtak om stenging av avkjørsle – gnr. 14 bnr. 1 og 6 – Meland kommune

Dette brevet er eit førehandsvarsel etter forvaltningslova § 16. Saka gjeld stenging av ulovleg etablert avkjørsle etter veglova § 42:

Blir avkjørsle bygd eller nytta i strid med det som er fastsatt i eller med heimel i denne lova, kan det gis påbod om at avkjørsla skal stengast, endrast eller flyttast på den ansvarlige sin kostnad.

Regionvegkontoret tar avgjerd etter første ledd for riksvegar og fylkesvegar, og kommunen tar slik avgjerd for kommunale vegar.

Statens vegvesen er blitt kjent med at det er opparbeida ei avkjørsle frå fv 244 Melandsvegen (hp 1 v/ km 6,017) til gnr. 14 bnr. 6 i Meland kommune. Vi vurderer denne avkjørsla som ulovleg etablert.



Foto frå synfaring 18.02.2016. Saka gjeld avkjørsla som er ringa inn i raudt.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Asle Meland søkte i 2013 om utvida bruk av avkøyrsla som då låg i dette området langs fv 244. Avkøyrslpunktet som den gong var opparbeida stetta ikkje gjeldande tekniske krav til utforming av avkøyrslar. Krav til frisikt var ikkje oppfylt, og svingradius fremja ikkje eit trafikksikkert køyremønster. Dette var bakgrunnen for at avkøyrsla i 2014/2015 måtte utbetrast og flyttast noko lengre vest for å kunne verta godkjend.

I 2014 gav Statens vegvesen difor førehandstilsegn med krav til utbetring av avkøyrsla (vedlegg). I førehandstilsegna var det mellom anna krav om at det den gong eksisterande avkøyrslpunkt v/ km 6,017 skulle stengast fysisk med grøft.

13.04.2015 var Statens vegvesen på synfaring i saka, og avkøyrsla var då opparbeida i samsvar med krava og det gamle avkjørselspunktet var stengd med grøft i tråd med vilkår gjeve av oss. 20.04.2015 gav Statens vegvesen difor løyve til å bruke avkøyrsla som tilkomst for to bustadeiningar (vedlegg).

Vurdering

Fordi grøfta som stengde den tidlegare avkøyrsla no er fylt i, ligg det no to avkøyrslar like ved sidan av kvarandre i det aktuelle området. Av omsyn til trafikkktryggleiken er det eit overordna mål å avgrense talet avkøyrslar langs fylkesvegnettet. Risikoen for at det skal skje ei trafikkulukke aukar med aukande tal avkøyrslar.

Den gamle «gjenopna» avkøyrsla som denne saka gjeld utgjer også ein trafikksikkerhetsrisiko med bakgrunn i at tekniske krav til frisikt og svingradius ikkje er oppfylt, jamfør tekniske opplysningar ovanfor.

Statens vegvesen vurderer å fatte vedtak om stenging av den gjenopna avkøyrsla som etter vår vurdering synest å vere ulovleg etablert. Dersom vi fattar vedtak om stenging, vil den mest truleg verte utført anten ved at grøft langs fylkesvegen vert reetablert med 0,5 meter djupne og/eller ved at det vert støypt ein betongkant langs vegen.

Det er ressurskrevjande for offentlege styresmakter å kontrollere at avkøyrslar ikkje vert endra etter at dei er godkjende. Etter vårt syn er det også eit tillitsbrot at ei stengd avkøyrsla vert gjenopna ved at grøfta vert fylt igjen når førehandstilsegna om ny avkøyrsla uttrykkeleg fastslo at eksisterande avkøyrsla skulle strengast ved etablering av grøft. Vi innser at det vil vere nokså enkelt å fylle grøfta igjen seinare sjølv om den no vert graven opp att. Ein støypt betongkant er derimot eit meir permanent tiltak.

Eventuell stenging vil måtte kostast av den som er ansvarleg for avkøyrsla, jamfør veglova § 42.

Tilbakemelding

Dette brevet er sendt til Asle Meland og til dagens eigarar av gnr. 14 bnr. 1 og 6.

Vi ber om at de innan **31.03.2016** kjem med eventuelle opplysningar som kan vere relevante i saka.

Ta gjerne kontakt dersom de har spørsmål.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Unn Jenny Utne Kvam

Vedlegg: 2

Likelydande brev sendt til
Asle Meland, Melandsvegen 289, 5918 FREKHAUG
Henning Wilhelmsen, Røysetvegen 92, 5918 FREKHAUG
Vegard Meland, Melandsvegen 289, 5918 FREKHAUG

Kopi
Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.



Statens vegvesen

Asle Meland
Melandsvegen 289
5918 FREKHAUG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Unn Jenny Utne Kvam - 55516243

Vår referanse:
2013/129529-004

Dykkar referanse:

Vår dato:
03.12.2014

Førehandstilsegn med krav til utbetring av avkøyrslø - Gnr. 14 bnr. 1 - Meland kommune

Vi syner til søknaden din mottatt 01.11.2013, vår uttale dagsett 13.12.2013 og e-post med melding om vedtak frå Meland kommune mottoken 04.11.2014.

Avkøyrsla må utbetrast før Statens vegvesen kan gje løyve til utvida bruk. Mellom anna må svingradiar definerast tydeleg og siktilhøva utbetrast.

Med heimel i veglova §§ 40-43, har vi fatta følgjande vedtak:

Det kan påreknast bruksløyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrslø for 2 bustadeiningar under føresetnad om at krava nedanfor vert oppfylte.
Veg/stad: fv 244 hp 1 ved km 6,029 / gnr. 14 bnr. 1 i Meland kommune..

Vi gjer deg merksam på at tilsegna berre gjeld i høve til veglova og ikkje rettar overfor eventuelle andre grunneigarar.

Vi set følgjande krav:

1. Avkøyrsla skal vere bygd av tiltakshavar og godkjent av Statens vegvesen innan 3 - tre år frå d.d., elles fell tilsegna bort. Kommunen skal ikkje gje igangsetjingsløyve utover nødvendig grunnarbeid før endeleg godkjent avkøyrslø løyve frå Statens vegvesen føreligg, jf. plan- og bygningslova § 27-4. Avkøyrsløpunkt med frisikt skal opparbeidast som første arbeid, og det skal ikkje gjerast noko anna arbeid før dette er gjort.
2. Avkøyrsla må opparbeidast i samsvar med vedlagte prinsippkisser og forskrift om alminnelege reglar om bygging og vedlikehald av avkøyrslø frå offentleg veg, som ligg på lovdata.no.
3. Avkøyrsla skal også kunne vere felles med eventuelle andre, som på ein naturleg måte kan nytte same avkøyrslø.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

4. Frisikt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkøyrsla skal vere minimum 45 meter til begge sider av køyrebana. Sikta fram- og bakover på vegen ved avkøyrsla må vere minimum 45 meter. Eventuelle planter o.l. i frisiktsona kan ikkje vere høgare enn 0,5 meter. For denne avkøyrsla må sikta ordnast i retning aust (mot Frekhaug).
5. Svingradius skal vere 4 meter (diameter 8 meter). Svingradius skal markerast tydeleg med betongkant, grøft eller annan avvisande kant mot sideterrenget. Det smalaste punktet i avkøyrsla skal vere 5 meter.
6. Stigningskrava må haldast (sjå skisse). Vi vil her spesielt gjere merksam på at avkøyrsla skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm på dei første 2 metrane.
7. Det må vere snu- og parkeringsplass på eigen grunn. Det er ikkje tillate å parkere i frisiktsonene.
8. Under avkøyrsla må det leggjast dreneringsrøyr, minimum 300 mm i diameter, med eventuelt nødvendige kummer.
9. Eksisterande avkøyrlepunkt v/km 6,017 skal stengast fysisk ved at det vert opparbeida grøft her.

Før arbeid vert sett i gang på/ved offentlig veg, skal det utarbeidast ein arbeidsvarslingsplan. Denne planen skal godkjennast av Statens vegvesen. Han skal sendast til bergen.arbeidsvarsling@vegvesen.no. Vis til vårt saksnummer i 2013/129529 i saka som gjeld arbeidsvarsling.


Ta kontakt med sakshandsamar dersom det er spørsmål i samband med opparbeiding av avkøyrsla.

Dei tekniske krava ovanfor inneber at avkøyrsla vert dimensjonert for personbil. Dersom avkøyrsla skal nyttast av større køyrety, ber vi om at du tek kontakt med oss.

Når avkøyrsla er opparbeidd etter krava vert bruksløyve gjeve av Statens vegvesen ved at tiltakshavar tar kontakt med sakshandsamar.

Vedtaket kan påklagast, jamfør vedlagt "Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak".

Plan og forvaltning - Bergen
Med helsing



Odd Høydalsvik
sjefingeniør


Unn Jenny Utne Kvam

3 vedlegg

Kopi: Meland kommune (e-post)
Henning Wilhelmsen, Røysetvegen 92, 5918 Frekhaug (eigar av gnr. 14 bnr. 6)


PRINSIPPSKISSE




Tilsvarende siktlengder som vist på tegningen må også gjerast gjeldande for trafikken som kjem på hovedvegen og skal inn i avkjørsla (sikt bakover og framover langs hovedvegen)

Av hensyn til snø og vegetasjon skal det i frisiktsonen vera fritt for sikhinder høgare enn 0,5 m. over hovedvegens nivå

Krav til svingradius for avkjørsla :



Krav til lengdeprofil for avkjørsla/tilkomstveg:



Fv: 244 Hp: 1 Km pel: 6029 Stad: Erstad

Saksnr: 2013/129529-004

Vedlegg 2013/29529-004


= grøft

= autogryse m/tilkomsveg

= fisislutsame



03.12.2014
Målestokk 1:500
Statens vegvesen

Sendar (stemplett til forvaltningsorganet)  Statens vegvesen Region vest	Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningslova § 27 tredje leddet) Dato <u>3/12-14</u>
③ Mottakar (namn og adresse) <u>Azke Meland Melandsvegen 289 5918 Frelhaug</u>	④ Klageinstans <u>HORDALAND FYLKESKOMMUNE</u>
<p>Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjort kjend med.</p> <p>Klagerett De har rett til å klage på vedtaket.</p> <p>Kven kan De klage til? Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk . Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk ④.</p> <p>Klagefrist Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagt før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det.</p> <p>Rett til å krevje grunngeving Dersom De meiner at vi ikkje har grunngeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunngeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunngevinga.</p> <p>Innhaldet i klaga De må presisere – kva for eit vedtak De klagar på – årsaka til at De klagar – den eller dei endringar De ønskjer – eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga Klaga må underskrivast.</p> <p>Utsetjing av gjennomføring av vedtaket Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.</p> <p>Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk . De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.</p> <p>Kostnadene med klagesaka De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk ④) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.</p> <p>Klage til Sivilombodsmannen Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.</p>	
Særlege opplysningar	



Statens vegvesen

Asle Meland
Melandsvegen 289
5918 FREKHAUG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalnsnr:
Unn Jenny Utne Kvam - 55516243

Vår referanse:
2013/129529-007

Dykkar referanse:

Vår dato:
20.04.2015

Løyve - avkøyrsla til 2 bustadeiningar - gnr 14 bnr 1 - Meland kommune

Vi syner til førehandstilsegn datert 03.12.2014 og synfaring 13.04.2015.

Med heimel i Veglova §§ 40-43 godkjenner vi avkøyrsla frå 244 hp 1 ved km 6,029 til eigedomen gnr. 14 bnr. 1 i Meland kommune. Følgjande vilkår gjeld for godkjenninga:

1. Løyvet gjeld berre for den staden som er nemnt ovanfor, og i høve godkjent skisse.
2. Løyvet gjeld berre for bruk av avkøyrsla til følgjande føremål:
Tilkomst til 2 bustadeiningar.
3. Løyvet fell bort dersom avkøyrsla ikkje er teke i bruk til nemnde føremål innan 3 år frå d.d.
4. Frisikt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkøyrsla skal vere minimum 45 meter til begge sider av køyrebana. Sikta fram- og bakover på vegen ved avkøyrsla må vere minimum 45 meter. Eventuelle planter o.l. i frisiktsona kan ikkje vere høgare enn 0,5 meter.
5. Svingradius skal vere 4 meter (diameter 8 meter). Det smalaste punktet i avkøyrsla skal vere 5 meter.
6. Stigningskrava må haldast (sjå skisse). Vi vil her spesielt gjere merksam på at avkøyrsla skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm på dei første 2 metrane.
7. Brukar/eigar må til ei kvar tid halde avkøyrsla i den stand det er sett krav til i vilkåra.

Plan og forvaltning - Bergen
Med helsing


Odd Høydalsvik
sjefingeniør


Unn Jenny Utne Kvam

1 vedlegg
Kopi: Meland kommune (e-post)

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger


Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:


PRINSIPPSKISSE




Tilsvarende siktlengder som vist på tegningen må også gjerast gjeldande for trafikken som kjem på hovedvegen og skal inn i avkjørsla (sikt bakover og framover langs hovedvegen)

Av hensyn til snø og vegetasjon skal det i frisiktsonen vera fritt for sikthinder høgare enn 0,5 m. over hovedvegens nivå

Krav til svingradius for avkjørsla :



Krav til lengdeprofil for avkjørsla/tilkomstveg:



Fv:244Hp: 1 Km pel: 6,09 Stad: Erstad

Saksnr: 2013/129529-007